

LOV
FOR
BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

(Skipa 15. oktober 1899)

(Lova sist endra 20. mars 2019)

§ 1 LAGSFØREMÅLET

Laget vil samla norsklyndt bondeungdom til samvære på heimleg grunn og gjeva landsungdom i hovudstaden vern og hjelp. Laget vi auka vyrdnaden for bonden og bondeyrket og arbeida for atterreisning av det norske folkemålet, for edruskap og for nasjonalt sjølvstende i alle leier.

§ 2 LAGSVERKSEMDA

Lagsmøte ⁽¹⁾, samkomer elles og anna verksemd tek styret ⁽²⁾ seg av.

Laget held møte helst to gonger i månaden. I møteverksemda skal det vera godt rom for emne innan kultur- og samfunnsliv, leik og folkedans.

Laget kan ha særslag ⁽³⁾ for lagsfolk ⁽⁴⁾. Særslagslovene skal godkjennast av laget etter tilråding frå styret.

Rusmiddel må ikkje nytast der laget eller særлага samlast.

L = Lagslova

S = Styringsføresegna

(1) S § 2, § 22 og § 23 flg.

(2) L § 4, § 5, § 6.

(3) S § 3, § 18, § 19, § 21

(4) L § 3.

§ 3 LAGSFOLK

Den som vil fremja føremålet ⁽¹⁾ med laget kan verta medlem ⁽²⁾, og kan røysta ⁽³⁾ og veljast ⁽⁴⁾ frå tre månader etter at styret har godkjent innmeldinga ⁽⁵⁾. Før fylte 14 år er likevel ingen røyste- eller valfør.

Årspengane skal medlemene gjera opp slik styret fastset, elles kan dei ikkje røysta eller veljast.

Medlemer som har gjort ein særleg innsats for laget, kan etter samrøystes framlegg frå styret utnemnast til heiderslagsfolk. Styret grunnjev framlegg munnleg for laget, som tek avgjerda med røysting over kvart einskilt framlegg utan ordskifte.

Medlem som motarbeider lagsføremålet ⁽⁶⁾, eller som trass i åtvaring ikkje vil retta seg etter lova og føresegnene, kan styret med fem røyster stengja ute frå laget. Medlemeren kan klaga vedtaket inn for laget, og kan i klaga krevja at saka skal avgjerast av ei nemnd vald av laget.

I særslag som ikkje har medlemmer over 14 år, kan føresette som stør føremålet år Bondeungdomslaget og som har born i laget, veljast til ombod utan å vera medlem i Bondeungdomslaget.

(1) L § 1

(2) S § 1

(3) og (4) L § 12, S § 25, § 26, § 27.

Særlege unnatak frå å vera røyste- og/eller valfør, sjå S § 8, § 10 siste leden, S § 20 siste leden, S § 25 siste leden, sjå òg regelen i S § 7.

(5) S § 1

(6) L § 1.

§ 4 STYRET, SAMANSETJING OG VAL

Styret er lagsleiaren og fire styremedlemer med tre varamedlemer valde av årsmøtet (1). Lagsleiaren vert vald særskilt (2) for eitt år.

Nestleiaren vert vald særskilt (3) mellom styremedlemene for eitt år.

Til styremedlemer vert det kvart år valt ei kvinne og ein kar for to år (4). Til varamedlemer i rekkjefølgje vert det kvart år valt tre for eitt år (5), av dei skal det vera ei kvinne og ein kar.

- (1) L § 11
(2) og (3) L § 12, 4 leden
(4) og (5) L § 12, 2. leden.

§ 5 STYREOPPGÅVER

Styret står føre lagsarbeidet og gjer dei vedtaka som ikkje lova legg til eit lagsmøte (1) eller årsmøtet (2). Styret tilset i samråd med rådet tenestefolk og fastset vilkåra.

Styret kan gjeva tilsette fullmakt til å binda laget i det daglege arbeidet deira, likevel ikkje i saker som går under § 10.

Innsende framlegg (3) frå lagsfolk til vedtak (4) i laget, skal styret gjeva tilråding om.

Styret har innsynsrett i særлага (5) og i dei økonomiske tiltaka laget driv.

Styret set i verk alle vedtak.

Laget vert bunde med underskrift av lagsleiaren og ein annan styremedlem saman.

Lagsleiaren målber laget utetter.

- (1) L § 10 jf. § 2 og S § 2
(2) L § 11
(3) S § 22
(4) L § 10, § 11, jf. § 12, 1. leden og S § 29
(5) L § 2, 3. leden, S § 3, § 18, § 21.

§ 6 STYREMØTE OG VEDTAK

Lagsleiaren kallar inn til styremøte (1) så ofte det trengst. Når ein styremedlem krev det, skal møte haldast.

Medlemene av styret har skyldnad til å møta når dei ikkje har forfall, og til å røysta for eller imot når dei ikkje er ugilde. Det skal gå fram av møteboka korleis den einskilde har røysta.

Styret er vedtaksført og gjer vedtak med vanleg fleirtal når minst tre styremedlemer møter og er røysteføre, dersom ikkje anna følgjer av lova (2). Står røystene likt, er røysta til lagsleiaren avgjerande, men i personval og tilsetjing skal det vera lutdraging.

- (1) Jf S § 6
(2) L § 3, 3. og 4. leden.

§ 7 RÅDET , SAMANSETJING OG OPPGÅVER

Rådet har 8 medlemer med 2 varamedlemer valde av årsmøtet.

Kvart år vert det valt 4 medlemer for to år og 2 varamedlemer for eitt år. Går ein vald medlem ut av ombodet før tenestetida er omme, skal det haldast utfyllingsval i rådsvalet. Årsmøtet vel ein ordførar for rådet, mellom dei 8 medlemene, for eitt år.

Medlemene i rådet kan ikkje samstundes sitja i lagsstyret (som medlem eller varamedlem) eller i styret for selskap som nemnd i § 8, 5. leden.

- (1) L § 11 nr. 9.
(2) L § 12, 2. og 3. leden og S § 11
(3) L § 12, 4. leden, S § 7 og § 8
(4) S § 11, 4. leden.

§ 8 RÅDSOPPGÅVER

Rådet skal ha overordna tilsyn med økonomien i laget, og i økonomiske tiltak laget eig eller er med i. Det skal gje råd til styret i saker som har monaleg økonomisk omfang og som styret legg fram for dei eller som rådet meiner er så viktige at rådet tek dei opp av eige tiltak.

Rådet skal gje tilråding om rammene for lagsbudsjettet og i saker etter § 10.

Rådet fastset etter framlegg frå styret, og i god tid før årsskiftet, rammene for eit mellombels budsjett for lagsdrifta.

Rådet saman med styret, skal gjera teneste som årsmøte for selskap som laget eig. Innkalling og sakliste skal sendast ut minst to veker før møtet. Dette organet er vedtaksført når minst 9 medlemmer er til stades. Vedtak som gjeld pantsetjing, avhending eller bortleige for 10 år eller meir av fast eigedom treng to tredelar fleirtal. Vedtak om avhending eller bortleige for 10 år eller meir av Rosenkrantz' gate 8 (heile eller delar) må godkjennast av eit årsmøte i laget. Det same gjeld for endring av vedtektene for selskap som laget eig, når endringa gjeld føremål, styringsmål eller alkoholserving.

Rådet gjer vedtak om konsernrekneskapen for Bondeungdomslaget i Oslo på grunnlag av rekneskapane for dotterselskap og årsmøtevedtak om rekneskapen for laget og særlaga.

(1) og (2) S § 17, § 18
(4) L § 11 nr. 7, S § 17
(6) S § 17 jf. L § 11 nr. 7
(8) S § 20

(3) Jf. 1, § 11 nr. 4, S § 20
(5) L § 11 nr. 3, S § 18 jf. § 19
(7) S § 19
(9) L § 3.

§ 9 RÅDSMØTE OG VEDTAK

Rådsordføraren kallar inn til møte så ofte det trengst. Når styret eller 3 rådsmedlemmer krev det, skal møte haldast.

Medlemene har skyldnad til å møta når dei ikkje har forfall, og til å røysta for eller imot når dei ikkje er ugilde.

Rådet er vedtaksført når minst tre firedelar av rådsmedlemene møter og er røysteføre. Rådet gjer vedtak med vanleg fleirtal, dersom ikkje anna følgjer av lova.

Lagsleiaren har rett til å vera til stades på møta i rådet.

(1) L § 7, 3. leden
(3) Minst 18 rådsmedlemmer
(5) L § 7, 3. leden jf. § 12, 4. leden.

(2) jf. for lagsmøte S § 26
(4) Minst 10 røyster av dei 18

§ 10 EIGEDOM, LÅN OG ANNA

Laget kan med to tredelar fleirtal vedtaka:

1. å bruka pengar eller binda laget til økonomiske skyldnader utanfor budsjettet (1)
2. å taka eller yta lån
3. å gjeva trygd med eller utan pant eller mot pant
4. å kjøpa eller avhenda verdepapir
5. å kjøpa eller avhenda fast eigedom eller part eller annan rett i fast eigedom
6. å setja i gang, leggja ned eller avhenda ei forretning (2) som laget driv sjølv.

Før laget gjer vedtak, skal rådet ha gjeve tilråding (3).

I sak etter første leden nr. 1 og 4 kan styret gjera vedtak utan å leggja saka fram for rådet og laget, når det gjeld etter måten ein liten sum.

Til lagsmøte med sak etter denne paragrafen, skal styret senda innkalling med sakliste til medlemene minst to veker før møtet (4).

(1) L § 11 nr. 7
(3) L § 8, 2. leden

(2) S § 20
(4) L § 2 jf. § 11, og S § 2.

§ 11 ÅRSMØTET

Årsmøtet skal heldast seinast i mars. Omframtr årsmøte vert halde når styret meiner det er turvande eller det vert kravt skriftleg av minst 50 røysteføre medlemmer.

Til årsmøtet skal styret senda innkalling med sakliste til medlemmene minst ein månad føreåt. Årsmøtet kan berre taka stode til saker som står på saklista.

Årsmøtesaker ⁽¹⁾ er:

1. Årsmelding frå styret og særlaga
2. Melding frå rådet
3. Rekneskap for laget og særlaga
4. Melding om forretningsverksemda og økonomiske tiltak laget er med i
5. Fastsetjing av årspengane
6. Arbeidsprogram for laget
7. Budsjett for laget, medrekna investeringar, løyvingar til særlagsarbeidet og andre løyvingar
8. Val til styret ⁽²⁾ jf. § 4
9. Val til rådet ⁽³⁾ jf. § 7
10. Val til andre ombod ⁽⁴⁾ i eller for laget
11. Val til utsendingar ⁽⁵⁾ og samskipnader
12. Lovbrigde ⁽⁶⁾ jf. § 16
13. Endring ⁽⁷⁾ av styringsføresegnene jf. § 14

Årsmøtet kan òg ha føre andre saker, om dei er viktige for laget. Val på utsendingar kan òg gjerast på lagsmøte.

(1) Jf. S § 9, § 10, § 22

(2) L § 4 jf. S § 12

(3) L § 7 jf. S § 11

(4) S § 9, § 10

(5) S § 10

(6) og (7) S § 31.

§ 12 RØYSTING

Laget gjer vedtaka ⁽¹⁾ i open røysting ⁽²⁾ med vanleg fleirtal av dei som røystar for og imot, dersom ikkje anna følgjer av lova ⁽³⁾. Røysting skal likevel vera skriftleg ⁽⁴⁾ dersom lagsleiaren (ordstyraren) fastset det eller minst 5 røysteføre ⁽⁵⁾ medlemmer krev det.

I personval skal røystinga vera skriftleg, om ikkje alle røysteføre er samde i open røysting, og relativt fleirtal avgjer dersom ikkje anna følgjer av lova ⁽⁶⁾.

Står røystene likt, avgjer røysta til lagsleiaren (ordstyraren), men i personval skal det vera lutdraging. Lagsleiaren (ordstyraren) skal stå for lutdraginga.

I valet av lagsleiar og nestleiar ⁽⁷⁾, krevst det meir enn halvparten av røystene, og i summen av røystene reknar ein med både dei blanke og dei som vert vraka, men ikkje dei som let vera å røysta. Har ingen fått slikt fleirtal, skal det vera fritt omval mellom dei det var framlegg om. Får ingen det røystefleirtalet som trengst, skal det vera bunde omval mellom dei to eller fleire som fekk dei to høgaste røystetala i omvalet. Den som får flest røyster i det bundne omvalet er vald. Står røystene likt vert valet avgjort med lutdraging.

(1) S § 28, § 29

(2) S § 25

(3) L § 10, 1. leden, § 13, 1. leden, § 16 1. og 2. leden jf. S § 25, § 26, § 27 jf. òg S § 23, § 24

(4) S § 25

(5) L § 3, 1. og 2. leden

(6) 4. leden i denne paragrafen, jf. § 7, 3. leden

(7) L § 4, 2. og 3. leden.

§ 13 INNMELDING I SAMSKIPNADER

Laget og særlaga kan, med to tredelar fleirtal på eit årsmøte, meldast inn i samskipnad som har same hovudføre mål, når ikkje noko med samskipnaden kjem i strid med lagsføre målet eller andre interesser til laget.

Laget og særlaga kan utanom Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag ikkje vera med i samskipnad som gjer lagsfolket til einskildmedlemer av samskipnaden. Laget kan på årsmøtet gjera unntak for særlaga når det er viktig for dei.

§ 14 STYRINGSFØRESEGNER

Årsmøtet ⁽¹⁾ fastset føresegner ⁽²⁾ til hjelp i styringa av laget.

(1) L § 11 og S § 31, 2. leden. (2) Fastsett 06.02.91, med endring sist 20.03.96.

§ 15 EIGA OM LAGET SLUTTAR

Sluttar laget, skal alt det laget eig verta gjeve til å fremja dei hovudføremåla som laget har arbeidd for.

§ 16 LOVBRIGDE

Denne lova kan brigdast på eit årsmøte ⁽¹⁾ med to tredelar fleirtal, når talet på røysteføre ⁽²⁾ til stades svarar til minst 8 prosent av alle som har røysterett i laget.

Men til brigade i paragrafane 1, 15 og i dette punktet krevst det samrøystes vedtak.

Framlegg med grunngjeving må kunngjerast i sending frå styret til medlemene minst ein månad føreåt.

(1) L § 11 nr. 12, S § 31, 1. leden (2) L § 3, 1. og 2. leden, jf. S § 25.